



Notat

Dato: 13.03.2017
Arkivsak: 2017/2574-1
Saksbehandlar: johmeye

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering om overtalssituasjonen ved dei vidaregåande skulane våren 2017

Fylkestingets vedtak om avvikling av Hjeltnes vidaregåande skule og samanslåing av Etne og Ølen vidaregåande skular får verknad med omsyn til dei tilsette ved dei to skulane. Vedtaket om Etne vgs omfattar tilboda til elevane. Dette inneber i praksis at skulen vert avvikla ettersom det ikkje vert tale om «virksomhetsoverdragelse» i samsvar med arbeidsmiljølova kap 16. Det er i dag 21 tilsette ved Etne vgs. I samarbeid med Rogaland fylkeskommune vart det lagt til rette for at dei ledige stillingane ved Ølen vgs vart utlyst allereie i februar månad. Dei har motteke 164 søknadar til desse stillingane. 9 aktuelle lærarar ved Etne vgs som sökte Ølen vgs har vore innkalla til intervju. Tilsetting skjer i slutten av mars månad.

Delar av verksemda ved Hjeltnes vgs er i noko grad overført til nye Voss vgs. I tida etter 1. august 2017 skal det berre vere att ei mindre gruppe tilsette som skal halde fram med noko kursverksemd, og elles vedlikehalde eigedomen og bygningane fram til tidspunktet for avklaring med omsyn til framtidig bruk. Det er i dag 28 tilsette ved Hjeltnes vgs.

På bakgrunn av endra søkjartal til tilbod også ved andre skular i fylkeskommunen ser vi at det kan føre til noko overtal, Nordahl Grieg vgs skal avvikle dei 4 klassane som vart overført frå tidlegare Fana gymnas. Dette aleine resulterer i omlag 8 overtalige.

Særs stor reiseavstand frå Etne vgs til andre fylkeskommunale verksemder gjør at vi allereie på det noverande tidspunkt ser at overtalssituasjonen vil resultere i oppseiingar av noko omfang ved denne skulen. Hordaland fylkeskommune har difor i brev datert 13. mars 2017 varsle NAV Hordaland om mogeleg «masseoppseiing» (det inneber at meir enn 10 tilsette vert sagt opp innanfor ein kort tidsperiode).

Fylkeskommunen vil arbeide aktivt saman med dei tillitsvalte og bruke naudsynt tid med sikte på å finne løysingar for dei tilsette før det er aktuelt å sende ut endeleg brev om oppseiing. Ein vil likevel allereie no sende ut førehandsvarsle i samsvar med forvaltningslova slik at dei tilsette dette gjeld på eit tidleg stadium vert gjort merksam på rettane deira. Dei vert samstundes kalla inn til særskilte møter, jf arbeidsmiljølova § 15-1, for gjennomgang av situasjonen for den einskilde.

Fylkesrådmannen har teke avgjerd om å utvide fortrinnsretten til ny ledig stilling i fylkeskommunen som generelt følgjer av arbeidsmiljølova frå 12 månader til 18 månader særskilt for dei tilsette som vert oppsagt frå stillingar ved Etne vgs og Hjeltnes vgs ettersom det her er tale om styrkt avvikling av desse skulane. Med 18 månader fortrinnsrett vil den særlege retten også gjelde inn i det andre semesteret i skuleåret 2018/2019. Fylkesrådmannen vil og følgje opp samarbeidet med Rogaland fylkeskommune med omsyn til særskilt å vurdere tilsette ved Etne vgs til andre ledige stillingar ved vidaregåande skular i Rogaland.